



UTVALDE KULTURLANDSKAP I JORDBRUKET  
- EIT NASJONALT UTVAL AV SPESIELT VERDIFULLE KULTURLANDSKAP



Forvaltningsplan for Ormelid gard  
2017 - 2027

Utgåve 3. mai 2017

## Innhald

Innhald	2
1 Innleiing	3
2 Områdeskildring	4
2.1 Ormelid gard	4
2.2 Avgrensing av området	6
2.3 Biologiske og kulturhistoriske verdiar i området	6
2.3.1 Biologiske verdiar	6
2.3.2 Kulturmarkstypar	7
2.3.3 Kulturhistoriske verdiar	7
2.3.4 Heilskap	8
2.3.5 Kontinuitet og tidsdjupne	8
2.3.6 Representativitet og særpreg	8
2.3.7 Formidlingsverdi	9
2.4 Fotodokumentasjon	9
3 Utfordringar	9
4 Visjonar og mål	9
5 Skjøtsel og vedlikehald – tiltak	10
6 Lovverk – status og tiltak	11
6.1 Kommuneplan for Luster kommune – status	11
6.2 Kommunal tiltaksstrategi for SMIL-midlar	11
6.3 Relevante regionale planar	12
6.4 Anna lovverk	12
6.4.1 Kulturminnelova	12
6.4.2 Naturmangfaldlova	12
7 Tiltak for næringsutvikling	13
8 Kostnadsoverslag og finansiering	13
8.1 Kostnader	13
8.2 Finansiering	13
8.3 Behov for midlar gjennom Utvalde kulturlandskap i jordbruket	14
8.4 Kriterium og utmålingsreglar	14
9 Skjøtselsplanar	14
10 Fagleg grunnlag	14
10.1 Eksisterande kartlegging	14
10.2 Dokumentasjon/fagkunnskap	15
Vedlegg	16

## 1 Innleiing

Utvalde kulturlandskap i jordbruket er ei oppfølging av nasjonale mål om å vareta kulturlandskapet. Dette er eit samarbeid og spleiselag mellom styresmakter innan landbruk og miljø. Satsinga er basert på frivillige avtaler mellom staten og grunneigarane. I perioden 2009 – 2017 var 22 utvalde område med i utvalet. I 2017 vert satsinga utvida til å gjelde 32 område over heile landet. Dei utvalde områda omfattar kulturlandskap i jordbruket med både svært store biologiske og kulturhistoriske verdiar som det er realistisk å halde ved like på lang sikt.

Forvaltningsplanen er eit felles grunnlag for forvaltninga av det verdifulle kulturlandskapet for grunneigarar/brukarar, kommunen og staten. Skjøtselsplanar for området og aktuelle avtaler mellom grunneigarar/brukarar og staten skal vere tufta på forvaltningsplanen. Planen skildrar området med fokus på biologiske og kulturhistoriske verdiar, aktuelle restaurerings- og skjøtselstiltak, juridiske og økonomiske rammer, samt målsettingar, utfordringar og moglegheiter i høve til ei langsiktig forvaltning.

Verdiane i kulturlandskapet i jordbruket er avhengige av framleis bruk, skjøtsel og vedlikehald for å oppretthaldast. Ei vellukka forvaltning er såleis avhengig av folk med kunnskap, interesse, driftsmidlar og beitedyr som kan ta på seg dei ulike skjøtselstiltaka. Her er grunneigarar og gardbrukarar viktige aktørar. I mange høve vil det også vere avgjerande med deltaking frå andre grunneigarar, einskildpersonar, ulike lag og foreiningar.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ved landbruksavdelinga har hatt ansvaret for skriving og koordinering av arbeidet med forvaltningsplanen. Representantar frå grunneigar, Stiftinga Ormelid gard, Luster kommune og Høgskulen på Vestlandet har vore involvert i arbeidet med planen i form av to arbeidsmøte, 30.03.2017 og 25.04.2017. Sogn og Fjordane fylkeskommune si kulturavdeling og Fylkesmannen si miljøvernnavdeling har vore informert, men hadde ikkje høve til å delta på møta.


Forvaltningsplanen er eit dokument som saman med framtidige skjøtsels- og restaureringsplanar legg til rette for langsiktig forvaltning av kulturlandskapsverdiane i området. Forvaltningsplanen er ikkje juridisk bindande, og planarbeidet er ikkje lagt opp etter plan- og bygningslova. Forvaltninga er basert på frivillig deltaking frå grunneigarar/brukarar. Dersom verdiane som skal varetakast går tapt eller vert redusert, kan dette medføre at området mister sin status som "utvalt kulturlandskap i jordbruket".

Fylkesmannen vil oppmode Luster kommune om å innarbeide forvaltningsplanen som eit retningsgjevande grunnlag for arealforvaltninga i området. Dette vil vere ei oppfølging av det tidlegare arbeidet kommunen har gjort for å styrke statusen til området som eit verdifullt kulturlandskap.

## 2 Områdeskildring

### 2.1 Ormelid gard

Ormelid gard i Luster kommune, Sogn og Fjordane fylke ligg i jordbruksregion Fjordbygdene på Vestlandet og i Trøndelag og i landskapsregion 23. Indre bygder på Vestlandet. Tunet og innmarka på høgdegarden ligg 450 moh. på ei dalhulle inst i Fortunsdalen som strekk seg i nordaustleg retning frå Skjolden ved fjordbotnen av Lustrafjorden. Dei to stølande Nedstestølen og Øvstestølen ligg høvesvis 563 moh. og 831 moh. Frå Fortun og via tunet og Øvstestølen går og traseen til den gamle ferdavegen mellom Fortundalen og Bøverdalen.



**Figur 1 Kart med lokalisering av Øvre Ormelid med stølane Nedstestølen og Øvstestølen. Kjelde: Fylkesatlas**

Ormelid gard er freda etter Kulturminnelova og er rik på biologiske og kulturhistoriske verdiar. Slåtteengene har verdi A og vert rekna som utvald natyrtype. Agrare strukturar og gamal kulturmark med lang kontinuitet og stor artsrikdom er framleis framtrekkande i landskapet. Garden har ein bygningsmasse som er lite forstyrta av moderne inngrep. Stadnamnet kan ha utspring i "orm" og "lid", trass i at det finst svært lite orm i området (Øyane 1984). Meir truleg har namnet utspring frå «vorm», frå fosseduren av elvane i Fortunsdalen.

Garden vart drive tradisjonelt fram til slutten av 1900-talet. Trass i endra råmevilkår for jordbruksdrifta har eigarane i stor grad vidareført eit nedarva bruksmønster med lange tradisjonar. Eit intensivt utmarksbruk med slått og lauving la grunnlaget for produksjon av husdyrgjødsel som åkrane og dei beste engene kunne gjødslast med. Øvre og Nedre Ormelid fekk framført veg i 1987, som eitt av dei siste gardsbruka i Luster.

Ormelid gard er eigd av Stiftinga Ormelid gard, men har ikkje fast busetnad. Føremålet med stiftinga er å ta vare på og å forvalte Ormelid med bygningar, inventar, lausøyre, kulturlandskap både heime og på stølane. Stiftinga skal formidla Ormelid si historie, bu- og driftsform og landskap i eit heilskapleg perspektiv. Ormelid skal nyttast til kulturelle og ålmennyttige føremål og kultur- og naturbasert næringsverksemd med utgangspunkt i

garden sine ressursar. I følgje vedtektene til stiftinga skal det òg etablerast ei driftsform som tek vare på artsmangfaldet i området (Vedtekter for Stiftinga Ormelid gard).


Det er framleis gardsdrift på Ormelid, i form av leigeavtale med nabobruket, gbnr. 1/2, som slår innmarka maskinelt, og som driv med kjøttproduksjon av storfe og geit. Dei marginale innmarksområda og særleg utmarksområda ligg stor sett unytta, med unntak av sporadisk beiting. Eigaren av garden er i gang med restaurering og skjøtsel av innmarksarealet, men det er behov for fleire beitedyr og meir omfattande skjøtsel i større delar av området.

Luster kommune har vist positivt engasjement for bevaring av området gjennom fleire år og det er stor interesse hos eigar, Stiftinga Ormelid gard, for at området skal bli del av satsinga på utvalde kulturlandskap i jordbruket.

## 2.2 Avgrensing av området

Det avgrensa området er på totalt ca. 832 daa og tilsvarer det freda området med unntak av eit mindre område på og ved Nedstestølen i søraust, som høyrer til gbnr. 1/2, Nedreli/Nedre Ormelid. Kartet nedanfor viser den ytre avgrensinga av området for forvaltningsplanen.

Grensa er sett ut i frå ei vurdering av kva areal som realistisk sett kan gå i gang med arbeid gjennom UKL-ordninga i 2017. Grensa kan bli justert dersom det gjennom prosessen og med tida viser seg at bnr. 2 også kan vere aktuelt for innlemming i ordninga.



Figur 2 Grensa for forvaltningsplanen (blått område). Kjelde: Fylkesatlas

## 2.3 Biologiske og kulturhistoriske verdiar i området

### 2.3.1 Biologiske verdiar

Kring tunet ligg fleire kulturenger, og i utkanten av desse større urterike naturenger og tidlegare beitemark med høgt biologisk mangfald (Myklestad 1997, Hovstad 2002, Larsen 2002, Myklestad & Sætersdal 2003, Myklestad 2004, Hauge et al. 2005). Engene er stort sett hellande og fylgjer terrengformene. Dei fleste stadar ligg rydningsrøyser, små steingardar og bakkemurar. Røysene er som regel plasserte på tvers av hellinga. I turrengene under husa er det gamle vegfar i sjølve engene. Området vert definert som naturtype slåtteeng D01 (D0107 Frisk/tørr, middels baserik eng) og naturbeitemark D04 (D0407 Frisk/tørr, middels baserik eng).

Slåtteeengene på Ormelid har vore, og er truleg framleis, blant dei mest artsrike i Sogn og Fjordane. Dei har kontinuitet i bruken og er blant dei beste referanseområda for seminaturlege vegetasjonssamfunn, også nasjonalt. I Naturbase er det registrert to

slåttemarkslokalitetar, BN00062544 og BN00016444, begge med verdien svært viktig/A. Grunna den høge verdien er lokalitetane definert som utvald naturtype.

Gjeldande skjøtelsesplan er frå 2011, og er ein revisjon av skjøtelsesplanen laga av Høgskulen i Sogn og Fjordane i 2009. Innanfor lokaliteten er særkilt tørrengene artsrike, med innslag av dels sjeldne artar som brudespore (*Gymnadenia conopsea*), vanleg nattfiol (*Platanthera bifolia*), grov nattfiol (*Platanthera chlorantha*), stavklokke (*Campanula cervicaria*, NT), grønkurle (*Coeloglossum viride*), stortveblad (*Listera ovata*), marinøkkel (*Botrychium lunaria*) og bakkesøte (*Gentianella camprestis*). Elles er gras- og urterikdomen stor med tilhald av dei fleste artane som er knytte til den tradisjonelle slåtteeengfloraen. Artsfordelinga varierer mykje etter lokale råmetilhøve i jorda. I skildringa i Naturbase står det at lokaliteten bør undersøkast i ein god soppesong med tanke på funn av ev. beitemarksopp.

### **2.3.2 Kulturmarkstypar**

På Ormelid finst fleire ulike kulturmarkstypar, der nokre av engene er særskilt artsrike. Naturenger og kulturenger på innmarka utgjør dei største areala.

Det som no er kulturenger har for det meste vore åkrar om fylgde dei naturlege terrengformene.

Gamle åkersystem m.a. for dyrking av korn og poteter er påviste.

I den nære utmarka finst omfattande hagemarksareal med bjørk og osp som dominerande treslag. Gamle lauvengsareal let seg framleis påvise fleire stadar.

### **2.3.3 Kulturhistoriske verdiar**

Etter undersøkingane frå forskingsprosjektet "Den tradisjonelle vestlandsgården som kulturbiologisk system" (Vestlandsgårdprosjektet), under leiing av Høgskulen i Sogndal og Universitetet i Bergen, finst det mykje dokumentasjon av automatisk freda kulturminne i området, hovudsakeleg i form av agrarare dyrkingsspor og strukturar i tillegg til førhistoriske busetjingsspor.

Tunet består i dag av seks bygningar, nokre med store kulturhistoriske verdiar. Desse er alle vedtaksfreda. Dette dreier seg om steinstova, eit bustadhus frå 1800-talet og kårstova (herberget, gamlestova), som er dagsett til 1600-talet. Stabburet, vedskjul (sannsynlegvis eit tidlegare stabbur/bu som er bygd om) og turkehus er truleg frå 1800-talet og driftsbygningen frå første halvdel av 1900-talet. Tunet hadde tidlegare fleire uthus, stall, fjøs og sauefjøs som vart rivne etter at dagens driftsbygning vart sett opp i 1928 (nokon stadar vert det omtala at bygningen vart sett opp i 1923). Deler av bygningsmateriale i dei gamle uthusa vart sannsynlegvis gjenbrukt når ein reiste driftsbygningen.

På 1920-talet var det også gjort ein del endringar på kårstova. Etter slutten av 1920-talet har det ikkje vore gjort noko større endringar i bygningsmassen. I tillegg er det i innmarka tufter etter ei smie og ein husmannsplass. På husmannsplassen Monsateigen er det bevart ei tuft datert til yngre jernalder, i tillegg til fleire udaterte tufter.

På Nedstestølen er dei karakteristiske steinmurane framleis intakte og fjøs og selet til bruk 1 står framleis. På Øvstestølen er sela til bruk 1 i ruin og selet til bruk 2 delvis i ruin.

Dølavegen mellom Sogn og Høydalen/Høydalsseter/Bøverdalen gjekk tidlegare forbi Ormelid. Ferdslavegen over fjellet kan vere opptil 3 000 år gamal og fortel om kontakt mellom ulike

delar av landet over lang tid. Vegen gjekk gradvis ut av bruk på slutten av 1800-talet då vegen over Sognefjellet vart bygd. Erling Ormelid var truleg den siste (i historisk tradisjon) som kjende til kvar vegen gjekk. Torunn Løne Vinje gjekk opp traseen i 2009- 2011 etter opplysningar frå Erling.

Langs vegen er det registrert 30-40 vardar av ulik storleik og omfang. Dette omfattar både retningsvardar og styringsvardar. Flest vardar er det av typen markeringsvardar eller "nødlingar" som er små og unnselige vardar – frå ca 25 cm – 50 cm høge. Dei kan vera sett saman av eit par små stein lagt oppå kvarandre eller også ein liten knyttnevestor stein lagt oppå ein jordfast stein. Enkelte stadar kan slike vardar liggja nok så tett i terrenget, men i tett tåka er dei til stor hjelp. Også kalla "nøvlar" = gamalnorske ordet "hnyfill", dvs. eit lite horn.

«Midtvegs» er det ein varde oppå ei stor steinblokk som er ein del av 4-5 blokker. Mellom blokkene er det eit stor rom for opphald og på sida er det ein hellar. Det vert sagt at dette også er eit herberge (kjelde Erling Ormelid). Langs vegen er det fleire steinblokker som kan gje ly for overnatting.

#### **2.3.4 Heilskap**

Garden "Øvre Ormelid" (dvs. eigentleg Øvreli i motsetnad til Nedreli) utgjer eit autentisk heilskapeleg kulturmiljø med store kulturhistoriske og biologiske verdiar. I området finst restar etter husmannsplassar i innmarka og stølar i ulike høgdelag opp mot fjellet som representerer heile garden sitt utnyttingsområde. Ein eldre ferdselsveg bind det heile saman og er eit synleg døme på kommunikasjon i tidlegare tider.

Med unntak av at vassdraget Granfasta er utbygd og at det går kraftliner sør for nedre Ormelid framstår også det storskala landskapet i Fortunsdalen som heilskapeleg og visuelt einskapeleg. Dalen heng igjen saman med Lustrafjorden som var ei viktig kommunikasjonsåre mellom kyst og innland før bilen sin tidsalder.

#### **2.3.5 Kontinuitet og tidsdjupne**

Det er påvist rydding på Øvreli tilbake i yngre steinalder. Garden har vore i aktiv og kontinuerleg bruk for matproduksjon i meir enn 4000 år. Dei siste åra har det praktiske bruken vore i regi av nabobruket som har slått og skjøtta delar av kjerneområdet.

Kallenamnet på Øvstastova, «Herberget» om gamle tradisjonar for losjering av reisande på den gamle ferdavegen over fjellet til Bøverdalen.

#### **2.3.6 Representativitet og særpreg**

Ormelid er ein representant for dei særmerkte høgdegardane på Vestlandet med ein ressursutnyttingsprofil frå lågland til høg fjellet (sommarsstøl på Sognefjellet). Garden ligg ved ein tidlegare viktig ferdselsveg mellom Sogn og Bøverdalen.

Slåtteengene kan karakteriserast som biologiske kulturminne og har eit stort innhald av sjeldne og sårbare artar. Det freda bygningsmiljøet er spesielt og godt teke vare på. Gardane med kulturmarker, bygningsmiljø, dyrkingsspor frå ulike periodar og tekniske strukturar må seiast å vere eit unikt kulturlandskap.



### **2.3.7 Formidlingsverdi**

Garden med kulturmarker har ein høg pedagogisk verdi og eignar seg både i undervisning og til forskning. Omsyn til dei tidlegare eigarane har ført til at potensialet ikkje har vore fullt utnytta til no, men området er inngåande dokumentert gjennom det tverrfaglige prosjektet «Den tradisjonelle vestlandsgården som kulturbiologisk system» (1995–1998), støtta av Norges forskningsråd under forskingsprogrammet «Kultur og miljø». Prosjektet inneheldt m.a. arkeologiske undersøkingar (hovudfag), vegetasjonshistoriske undersøkingar (FoU-prosjekt), vegetasjonsøkologiske undersøkingar (del av dr. grad, mastergrad) og fleire rapportar.

Når det gjeld fysisk tilkomst er området er tilgjengeleg via ein lengre gardsveg frå Rv 55. Denne er både bratt og fleire stader i dårleg forfatning, og treng særskilt vedlikehald for å kunne nyttast med personbil.

### **2.4 Fotodokumentasjon**

Fotografiar frå fortid og notid vil vere nyttige for å vise utviklinga i området over tid. Bilete frå faste punkt i området over tid kan også vere ein måte å dokumentere kva effekt skjøtselstiltaka har på kulturlandskapet.

Det er aktuelt å gjennomføre ein planlagt fotodokumentasjon av området. I tillegg ønskjer Stiftinga Ormelid gard å gå gjennom gamle fotoalbum, og ev. sikre desse ved hjelp av Fylkesarkivet.

## **3 Utfordringar**

Stiftinga Ormelid gard er ei frivillig organisasjon som må mobilisere frivillige og organisere arbeidet. Stiftinga er i startgropa på dette, men må ha fokus på dette for å få mannskap til skjøtselen som til dels må gjennomførast ved hjelp av dugnadsinnsats.

Fram til 1. januar 2018 har eigar av Ormelid gard gyldig jordleigeavtale med eigar av nabobruket Nedreli, gbnr. 1/2, Torill og Andreas Otterhjell, som òg driv gbnr. 13/8 i Fortun. Driftsopplegget er kjøtproduksjon på ammegeiter og storfe. Når avtalen går ut må det finnast ei løysing for korleis slåtten av kulturengene skal gå føre seg, og for framhald av beite i området.

Attgrodde areal, og stadig auke i dette, kan verke negativt inn på det opphavlege kulturlandskapet og landskapsbiletet.

Gardsvegen er felles gardsveg for dei to bruka Ormelid og Nedreli. Stiftinga har som mål å få skipa eit veglag som avklarar ansvar og plikter for vegvedlikehaldet. Eigar av gbnr 1 / 2 meiner og at det er uklare grenser mellom dei to bruka. Difor bør det gjennomførast ein grensegang som får klarlagt grensene.

## **4 Visjonar og mål**

For å sikre ei langsiktig forvaltning av området, er det viktig at grunneigarar, kommune og stat er samde om kva ein ønskjer å oppnå med forvaltninga. Det vil såleis vere nyttig å formulere felles visjonar og mål i forvaltningsplanen.

Det statlege sekretariatet for prosjektet har formulert seg slik:

*“Utvalde kulturlandskap i jordbruket skal gje kunnskap og opplevingar og vere ein ressurs for framtida. Dei skal ivaretakast for å gje ålmenta kunnskap og opplevingar om vår jordbrukshistorie, dei skal fungere som ein ressurs for verdiskaping for eigar, brukar og forvaltar, og som referanseområde for forvaltning og forskning knytt til tradisjonelle jordbrukslandskap.”*

Nedanfor er det formulert eit forslag til visjon og mål for forvaltning av Ormelid gard. Den endelege formuleringa vert gjort etter at konkrete skjøtselstiltak og forankring i kommuneplanen er drøfta nærare med grunneigarane og kommunen.

Forslag til visjon for området og verdiane i eit 20-årig perspektiv:

*Området Ormelid gard skal framstå som eit unikt kulturlandskap til nytte og glede for grunneigarar, ålmenta og framtidige generasjonar*

Forslag til forvaltningsmål:

- Ta vare på og synleggjere areal og element som er viktige for området sitt kulturhistoriske og biologiske særpreg, gjennom målretta skjøtsel og arealforvaltning
- Leggje til rette for samspel mellom næringstiltak det freda området og tradisjonelt drivne areal, gjennom heilskapeleg planlegging og omsynsfulle tiltak
- Leggje til rette for framhald av landbruksdrift på garden
- Byggje opp under området som eit heilskapeleg kulturlandskap med stor opplevings- og formidlingsverdi, gjennom målretta tiltak og koordinert innsats

## **5 Skjøtsel og vedlikehald – tiltak**

Det vil vere behov for skjøtelsplanar for både bygningar og areal, der ein skil mellom strakstiltak og langsiktige tiltak. Aktuelle tiltak for restaurering og skjøtsel vil i grove trekk vere følgjande:

Restaurering og vedlikehald av bygningar

- Utbetring av verneverdige bygningar i tuna
- Restaurering og vedlikehald av bygningar knytt til kulturmarkene, til dømes utløer og sel, inkludert fjerning/rydding av uønskja vegetasjon
- Vedlikehald av gamle grunnmurar/tufter, inkludert fjerning/rydding av uønskja vegetasjon

Restaurering og vedlikehald av andre bygde element

- Restaurering og vedlikehald av bakkemurar, steingardar, rydningsrøysar, gamle vegstrukturar, stiar, kloppar og bekkeløp, inkludert fjerning/rydding av uønskja vegetasjon
- Skjøtsel av automatisk freda kulturminne etter retningsliner frå kulturminnemyndigheita, i hovudsak fjerning av uønskja vegetasjon

Restaurering og skjøtsel av areal

- Restaurering av slåttemark
  - Slått av eng. To-hjuls traktor eller ljà på bratt areal
  - Tynning/rydding av uønskja vegetasjon
  - Fjerning av biomasse (høy/kvist/ved)
- Skjøtsel av slåttemark
  - Årleg slått på rett tid. Flattørking eller hesjing.
  - Fjerning av høy
  - Husdyrbeiting vår og haust
- Skjøtsel av naturbeitemark

- Husdyrbeiting
- Kantsoner og restareal
  - Slått/rydding/beiting
  - Fjerning av biomasse

Årleg skjøtsel av dei mest verdifulle areala vil omfatte beiting med sau og geit, maskinell slått med tilhøyrande for- og etterarbeid og ikkje minst ljåslått. Det vil vere behov for setje opp nye gjerde for å kunne styre beitinga på ein del av areala. Kulturmarkene har ein del tekniske strukturar og element som bør restaurerast og skjøttast, til dømes steingardar, bakkemurar og tufter. Det freda bygningsmiljøet vil ha behov for omfattande restaurering og vedlikehald.

## **6 Lovverk – status og tiltak**

Forvaltningsplanen dannar grunnlaget for varetaking og utvikling av området både på kort og lang sikt. Det langsiktige perspektivet er viktig i høve til statlege mål om å sikre spesielt verdifulle kulturlandskap for framtida. I tillegg treng grunneigarane føreseielege rammer på lang sikt, i høve til sine prioriteringar og innsatsfaktorar.

### **6.1 Kommuneplan for Luster kommune – status**

Arealdelen av kommuneplanen for Luster kommune gjeld for perioden 2015 - 2026. I planen har området Ormelid med bygningar og kulturlandskap status som bandlagt etter Kulturminnelova, H730\_19.

I følgje planen skal ikkje tiltak i området vere i strid med gjeldande føresegner for området. Bandlegginga omfattar og automatisk freda kulturminne som er merka i kartet med rune-R.

I samsvar med ønskje frå grunneigarane på begge bruka, har Luster kommune lenge arbeidd for å verne om dei kulturhistoriske og biologiske verdiane på Ormelid. I 2008 vart området bandlagt i dåverande utgåve av kommuneplanen sin arealdel. Bandlegginga vart gjort med mål om å få området freda med heimel i Kulturminnelova §§ 15, 19 eller 20, Naturvernlova § 5 (landscapsvernrområde) eller som spesialområde vern i reguleringsplan etter Plan- og bygningslova § 25.

I kommunestyresak 13.03.2008 fatta kommunestyret vedtak om å følgje opp Ormelid som aktuelt område for satsinga Utvalde kulturlandskap i jordbruket:

*Luster kommune vil aktivt bidra til å oppfylle dei krav som er sett til at Ormelid skal godkjennast som eit "Utvalt kulturlandskap i jordbruket". Ein føreset at staten set av tilstrekkeleg med ressursar til skjøtsel og drift for å oppretthalda og styrka verdiane i området.*

### **6.2 Kommunal tiltaksstrategi for SMIL-midlar**

Tiltaksstrategien i Luster er nyleg revidert og gjeld for perioden 2017 – 2020. Ormelid er nemnt i strategien som døme på at jordbruket i kommunen har lange tradisjonar.

Gjennom SMIL-ordninga vert det ikkje lenger ikkje løyvd midlar til freda bygningar. Første prioritet i tiltaksstrategien er m.a. restaurering av eldre stølshus og stølsmiljø, restaurering av løer, restaurering og rehabilitering av steingardar og bakkemurar, rydding og skjøtsel av slåtte- og beitemark, og restaurering av gamle ferdselveggar knytt til jordbruk. Dette er relevant for Ormelid så lenge det går føre seg ein tilskotsberettiga produksjon på eigedommen, jf. *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket § 3.*

### **6.3 Relevante regionale planar**

Det må lagast ei oversikt over regionale planar som er relevante i høve til forankring av forvaltningsplanen på lengre sikt.

### **6.4 Anna lovverk**

#### **6.4.1 Kulturminnelova**

Med utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak om bandlegging i arealdelen i 2008 sendte Luster kommune oppmoding til Sogn og Fjordane Fylkeskommune om å sette i gang fredningssak for Ormelid. I medhald av lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50 §§ 15 og 19 jf. § 22 fatta Riksantikvaren vedtak om fredning av Ormelid gbnr. 1/1 og delar av gbnr. 1/2, 7. august 2011. Fredinga omfatta både bygningar og delar av innmarka.

Følgjande bygningar på gbnr. 1/1 er freda etter kml § 15:

Askeladden lokalitet 132245 – 1: Kårstove – 1600-talet

Askeladden lokalitet 132245 – 2: Steinstova, bustadhus – 1800-talet

Askeladden lokalitet 132245 – 3: Stabburet – 1800-talet

Askeladden lokalitet 132245 – 4: Uthus, skjul – 1800-talet

Askeladden lokalitet 132245 – 5: Driftsbygning, løe – første del av 1900-talet

Askeladden lokalitet 132245 – 6: Turkehuset

Fredinga omfattar eksteriør og interiør på bygningane, inkludert hovudelement som planløyning, materialbruk og overflatebehandling, og detaljar som vindauge, dører, gerikter, listverk, eldstader og fast inventar.

Føresegnene i fredningsdokumentet for bygningar og anlegg som er freda etter kml § 15 lyder:

1. Det er ikkje tillete å skade eller rive bygningar og anlegg, eller delane av desse
2. Det er ikkje tillete å bygge om eller forandre bygningane sitt eksteriør eller interiør
3. Det er ikkje tillete å endre eller skifte ut bygningselement eller materiale, forandre overflater, eller utføre anna arbeid som ikkje går inn under vanleg vedlikehald på bygningane sitt eksteriør, interiør eller konstruksjon
4. Vedlikehald og istandsetting skal utførast med tradisjonelle materiale og handverksteknikkar tilpassa bygningen sin eigenart og opphavlege bygningstekniske løysingar
5. Tilbakeføringar til opphavleg eller tidlegare utsjånad kan ein gi løyve til i særlege tilfelle under føresetnad av at tiltaket kan gjerast på ein sikkert, dokumentert grunnlag. Slike tiltak kan berre gjerast etter dispensasjon frå kulturminnestyresmakt

#### **6.4.2 Naturmangfaldlova**

Slåtteengene på Ormelid er omfatta av naturmangfaldlova som utvald naturtype. Når ein naturtype er utvald etter naturmangfaldlova, vil det seie at det skal takast særskilt omsyn til naturtypen i offentlege beslutningar som kan påverke tilstanden eller utbreiinga av denne typen natur. T.d. inneber statusen meldeplikt for jordbrukstiltak som elles ikkje ville ha kravd

godkjenning. Føresegnene om utvalde naturtypar legg vekt på berekraftig bruk, og er ikkje like strenge som reglane i verneområda.

## **7 Tiltak for næringsutvikling**

Det er aktuelt for Stiftinga Ormelid gard å bruke området som ein ressurs for næringsutvikling og anna verdiskaping i framtida, og det er laga ein strategiplan som skisserer kva aktuelle tiltak kan vere.

Stiftinga ønskjer å etablere ei ordning med fastbuande vertskap i sommarsesongen etter modell frå andre liknande høgdegardar i området, som Fuglesteg og Avdalen. I følgje kjelder stiftinga har vore i kontakt med ligg godtgjerdse til vertskap på høvesvis kr 1150 og 900 pr. dag. Vertskapsordningane medverkar samstundes til omsetning og mykje dagleg stell og tilsyn, og opnar for moglegheiter for etablering av overnattingstilbod.

Det er aktuelt å utarbeide ein plan for utvikling av formidlingsaktivitet og fasilitetar knytt til overnatting.

## **8 Kostnadsoverslag og finansiering**

### **8.1 Kostnader**

Vedlegget «Oversikt skjøtselstiltak – Ormelid 2017 – 2022» viser kva tiltak som er aktuelle å gjennomføre i eit femårs perspektiv, og estimerte kostnader knytt til desse.

Gjennom arbeidet med skjøtelsplanen og restaureringsplanar for ulike bygningar vil det bli utarbeidd meir nøyaktige kostnadsoverslag for dei ulike tiltaka.

### **8.2 Finansiering**

Det er usikkert kva eksisterande kjelder til finansiering vil kunne bidra med i høve til å dekkje aktuelle kostnader med forvaltningstiltaka. Nedanfor følgjer ei oversikt over aktuelle kjelder:

#### *Kulturminnemidler – Statsbudsettet*

Sogn og Fjordane fylkeskommune søker årleg Riksantikvaren om tilskot frå statsbudsjettet kap 1429 post 71 Freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap.

#### *Tilskot til truga naturtypar – Klima- og miljødepartementet*

Pr. i dag kan det søkjast om tilskot til truga naturtypar og utvalde naturtypar. Det kan også søkjast om tilskot til tiltak i naturtypar som er føreslått som utvalde og har vore på høyring, sjølv om dei ikkje er vedteke.

#### *Produksjonstilskot*

Dette er ei samleomgrep som omfattar desse tilskotsordningane:

Arealtilskot

Kulturlandskapstilskot

Tilskot for husdyr

Tilskot for dyr på beite

Tilskot for dyr på utmarksbeite

Driftstilskot til mjølkeproduksjon

Driftstilskot til spesialisert storfekjøttproduksjon

Tilskot for bevaringsverdige husdyrrasar  
Arealtilskot til økologisk landbruk  
Tilskot til økologisk husdyrproduksjon

#### *Regionalt miljøprogram (RMP)*

Aktuelle tilskotsordningar gjennom RMP i Sogn og Fjordane er tilskot til drift av bratt areal, skjøtsel av steingardar og bakkemurar, særleg verdifulle slåtte- og beitemarker, skjøtsel med ammegeit og kje. Ordningane vil truleg bli endra som følgje av rullering av regionalt miljøprogram i 2018.

#### *Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)*

#### *Norsk Kulturminnefond*

Med tanke på fredningsstatusen må det avklarast om Kulturminnefondet opnar for delfinansiering av investeringstiltak i området, særleg med tanke på bygningsrestaurering.

### **8.3 Behov for midlar gjennom Utvalde kulturlandskap i jordbruket**

Det er mest sannsynleg at dei eksisterande tilskotsordningane i liten grad vil dekkje dei faktiske kostnadene med å ta vare på dei særskilde verdiane i området. Dette gjeld særskilt kostnadar knytt til bygningsrestaurering. Statusen området har som freda etter kulturminnelova gjer at det kan søkjarst midlar frå kap. 1429 post 21 på Statsbudsjettet.

Ut i frå dei stipulerte kostnadene ovanfor og at dei faktiske kostnadene må dekkjast gjennom *Utvalde kulturlandskap i jordbruket*, vil det vere behov for rundt 250 000 kroner til årleg skjøtsel. I tillegg vil det vere eit behov for rundt 1 750 000 kroner i tilskot til restaurering og investeringar dei neste fem åra. Behovet i byrjinga av planperioden kan liggje noko under dette, men gradvis auke til det ønskelege aktivitetsnivået er nådd.

### **8.4 Kriterium og utmålingsreglar**

Det bør vere eit mål å utforme eit enkelt system for tilskotsutmåling og –utbetaling i tråd med dei andre områda i fylket. Budsjettet for 2017 og utrekninga av framtidig tilskotsbehov er tufta på desse satsane.

## **9 Skjøtselsplanar**

Det føreligg frå tidlegare skjøtselplan for innmarka på Ormelid gard (Austad og Hauge).

Det vil vere naudsynt å oppdatere denne planen, inkludert innlemming av stølane og steinstrukturarar på innmarka.

## **10 Fagleg grunnlag**

### **10.1 Eksisterande kartlegging**

Eit område "Ormelid" er skildra i kommune-kulturlandskapsrapporten, avgrensa om lag til innmarka på bruk 1/1. I fylkesrapporten med heilskapelege kulturlandskap (dvs. dei 50 områda) er dette området utvida til å femne også om Nedreli (bruk 1/2) og lia oppover til og med både Nedstestølen og Øvstestølen.

Frå BM-registreringa er det to kulturlandskapslokalitetar i dette området, ein "svært viktig" lokalitet som samsvarar om lag med det først registrerte typeområdet, og ein "lokalt viktig" lokalitet som strekkjer seg nedover mot Nedreli.

## **10.2 Dokumentasjon/fagkunnskap**

Øvre Ormelid var ein av lokalitetane frå Luster i registreringsprosjektet "Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogn og Fjordane, bruk og vern" (Hauge & Austad 1989, Austad et al. 1993 a, b).

Garden var også eitt av fire modellområde i forskingsprosjektet "Den tradisjonelle Vestlandsgården" (Åstveit 1998, Valvik & Åstveit 1999, Austad & Øye 2001, Øye et al. 2002). Her vart m.a. hovudfagsoppgåva med tittelen «Ormelid – marginal eller sentral? En arkeologisk punktundersøkelse av Ormelid, Luster, Sogn og Fjordane» produsert.

Garden vart også registrert i prosjektet "Artsrike slåtte- og beiteenger i Sogn og Fjordane, status for eit utval av lokalitetar" (Hauge et al. 2005) og var ein lokalitet i ein revidert oversikt over kulturlandskapsområde i Sogn og Fjordane (Hauge & Austad 2008 a, b).

Øvre Ormelid er også nytta i doktorgradsarbeid (Myklestad 2004) og i studentarbeid (Skildheim 2008).

Garden er også omtala i fylkesmannen sin rapport om status for tilstanden til eit utval av artsrike enger i Sogn (Hovstad 2002).

Øvre Ormelid var også ein av Sogn og Fjordane sine kandidatar til "Utvalgte kulturlandskap" i 2008.

Garden er også omskriven i ei samanlikning av ulike høgdegardar i Luster (Ødegård 2008).

Det er laga ei oversikt over historisk utvikling og arealbruk på Ormelid på 1900-talet og ein skjøtselsplan for innmarka (Hauge & Austad 2009).

## Vedlegg

1. Oversikt skjøtselstiltak – Ormelid 2017 – 2022.
2. Foto frå Høgskulen på Vestlandet
3. Fotovedlegg

## Kjeldeliste

Austad, I, I. Øye et al. 2001: Den tradisjonelle vestlandsgården som kulturbiologisk system, 135–205 i Skar, Birgitte (red.): Kulturminner og miljø, Forskning i grenseland mellom natur og kultur. Norsk institutt for kulturminneforskning. Oslo.

Hauge, L. og Ingvild Austad. 1998. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Luster kommune. Kulturlandskap i Sogn og Fjordane – bruk og vern. Rapport nr. 5. Sogn og Fjordane distriktshøgskole.

Hauge, Leif og Ingvild Austad. 2009. Skjøtelsplan for kulturlandskapet på Øvre Ormelid, Luster kommune". HSF- Rapport nr. 07-2009

Hauge, Leif og Ingvild Austad. 2009. Historiske utviklingstrekk på garden Ormelid, Luster kommune. HISF-rapport 08-2009.

Åstveit 1998, Valvik & Åstveit 1999, Austad & Øye 2001, Øye et al. 2002. Den tradisjonelle vestlandsgården som kulturbiologisk system.

Restaureringsplanar for stabburet og Øvstastova

Rapport - Stein Tage Domaas - arealbruksregistreringar + GIS-filer i ArcInfoformat

Anna:

<https://www.facebook.com/vennelagetormelidgard/?fref=ts>